



**Jobbnorge-ID:** 109080  
**Søknadsfrist:** Heattihuvvon  
**Nettside:**  
**Omfang:**  
**Varighet:**

## Ledig stilling som leiar for Familiekontora for Sunnfjord og Sogn

I Bufetat region vest er det ledig ei fast 100 % stilling som leiar ved Familiekontora for Sunnfjord og Sogn.

### Arbeidsoppgåver/ansvarsområder

- Leiar har ansvar for fagleg og administrativ drift, med økonomi- og personalstyring på begge kontora. Kontora har både egne og felles personal- og fagmøter. Leiar har arbeidsstad i Førde, men vil ha faste arbeidsdagar i Sogndal og i tillegg fjerntele på videokonferanseutstyr.
- Leiar må pårekne å delta i fagleg, klinisk arbeid på begge kontora.
- Leiar er ein del av det regionale leiarnettverket og rapporterer til avdelingsdirektør for familievern og barnevern (funksjon 2).
- 20 % av stillinga er klinisk arbeid.

### Andre viktige arbeidsoppgåver

- Utvikle organisasjonen i tråd med føringar frå regionkontor og Bufetat.
- Utvikle samarbeid med kommunar og andre samarbeidspartar i Sunnfjord og Sogn.

### Kvalifikasjonar

- Minimum 3-årig relevant utdanning på høgskule- eller universitetsnivå.
- Vidareutdanning i familierapi eller anna relevant vidareutdanning
- Det er ønskeleg med klinisk erfaring.
- Det er ønskeleg at søker er offentleg godkjent meklar, alternativt må ein ta slik godkjenning.
- Det er ønskeleg med tilleggstudanning og/eller erfaring i administrasjon/ leiing.

### Personlege eigenskapar

- Det vil verte lagt vekt på personlege eigenskapar som god kommunikasjon, teambygging og evne til å etablere godt samarbeid med andre.
- Evne til å jobba målretta og heilskapleg.
- Evne til å leie, motivere og utvikle egne medarbeidarar.
- Evne til å kunne sjå faglege og økonomiske mål i samanheng.

### Vi tilbyr

- Stillinga er plassert i statleg lønnsregulativ som leiar, kode 1493, lønnssteg 55-78 (som p.t. utgjer kr 466 800-733 300 pr. år). Lønn vert vurdert etter utdanning og erfaring.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelevsforssikring.

### Generelle opplysningar

- Staten legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Bufetat har som eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttera personar med fleirkulturell bakgrunn.
- Bufetat er ei IA (Inkluderande Arbeidsliv) verksemd.
- Vi gjer oppmerksom på at opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkerlista, jf. Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova), § 25.

### Kontaktperson for stillinga

- Liv Sæbø, leiar familiekontor, telefon 466 19 239, e-post [liv.sabo@bufetat.no](mailto:liv.sabo@bufetat.no)
- Renu Aneja, avdelingsdirektør familievern og barnevern (funksjon 2), telefon 466 18 995, eller på e-post til [renu.aneja@bufetat.no](mailto:renu.aneja@bufetat.no)

**Søknad med CV vert å senda elektronisk via lenkje på denne sida.**

Vitnemål og attestar skal takast med ved eit. intervju eller leggjast ved elektronisk.

**Søknadsfrist: 29.1.15**

## **Tilleggsinformasjon**

**Arbeidssted:**